

MØRE OG ROMSDAL VEGKONTOR DISTRIKTSLABORATORIET

HOVEDARKIV: 47.069.09
LABARKIV: Rv/Fv nr E69 Hp:09
KOMMUNE: _____ NR: _____
KARTREFERANSE: _____

TITTEL: E69 Hp 09 Valle-Svorte, gang- og sykkelveg.

SAKSBEHANDLER: T. Døssland

RAPPORT

NR

NOTAT

X

NR

MELDING

NR

KONTAKT: A. Wicken /A. Leikanger

TD/BTA

SENDT TIL

Vsj.

Dr sj.

UM+
JGS

KL

AW

A. Leikanger

ANTALL

1

1

1

1

1

1

DISTRIKTSLABORATORIET, MOLDE, den 14. MAI 1982

B. Wicken

REVIDERT DIMENSJONERING AV OVERBYGNING OG REFERAT FRÅ
SYNFARING PÅ ANLEGGET DEN 6. MAI 1982

I. Overbygning

Ved utarbeidinga av notat nr. 1 av 23. april 1982 var det tenkt mest på forsterkningslag av sprengstein, og vidare var det dessverre gjort ein feil i sjølve dimensjoneringa. Ut frå massebalansen er det ønskjeleg å få så lita uttrauings-
././ djupne som mogleg og vedlagte teikning nr. 02 viser eit nytt framlegg til overbygning både for gang- og sykkelveg og for bilveg.

Frostsikringslag

For å redusere lufttilgangen til sagflislaget er det viktig at det blir lagt ut eit minst 20 cm lag av grus/sand over dette. I dette høvet vil vi rå til at grusen blir teken frå Skorgeneset, då ein der er sikrare på å unngå telefarleg masse etter utlegging og komprimering enn med vaska masse frå Standal.

Ved utlegging av sagflis/spon kan ein rekne med om lag 50% volumreduksjon ved komprimering slik at ein må legge ut om lag 40 cm lag for å få 20 cm ferdig komprimert. Komprimeringa kan utførast med beltemaskin.

Dette frostsikringslaget bør ligge slik at det er minst mogleg drenert, men ein må i alle fall unngå gjennomgåande grunnvass-strøyming. Difor vil vi rå til at dreosanlegget blir utført slik det er vist i prinsippskissa i teikning 02. I drengrofta bør det ikkje brukast fiberduk av nålefilt-typen.

Forsterkningslag

Ved utlegginga av forsterkningslaget vil vi rå til at pukk-



laget blir lagt ut samtidig med grusen slik at ein unn-
går anleggstrafikk på gruslaget.

Utkiling

mot endane av parsellen kan til dømes gjerast på den måten
at ein trauar ut ei viss ekstra djupne og legg ut eit
lag med berelagsgrus frå eksisterande vegkropp eller
annan lokal masse som stig på frå 80 cm til 40 cm under
profillina over ei lengd på om lag 10-15 cm og deretter
legg sagflis- og gruslaget med jamn overflate inn mot
denne stigninga i flukt med flisinga for 60 cm og 40 cm
u. profillina. Vidare kan grovpukklaget og berelag/dekke
trappast av i 2 trinn med 20 cm høgd og 5 m lengd.

Ei prinsippskisse av dette framlegget er vist på teikning
02.

II. Referat frå synfaring 6. mai 1982

Til stades: A. Leikanger, A. Wicken, J. G. Sandblåst,
T. Døssland.
Stikkordsreferat:

Profil nr.

Frå	Til	
		Det må takast grøft for fyllingsfot med fall vestover fram til den åpne grøfta som går i nordleg retning.
	4395	Stikkrenna må forlengast, men samstundes må ein her lokalt legge steinlaget i fyllings- foten heilt inn til eksisterande skråning og tilstrekkeleg høgt til å ta imot det vatnet som renn i steinfyllinga under eksisterande stikkrenne.
4420 -	4450	Fyllingsfoten må forbeistrast slik at fyll- massen kjem i skikkeleg kontakt med opphavleg grunn heilt ut til "skråningsspiss". Blanda masser i ranke må altså leggest lenger ut til sides eller fjernast.
4530 -	4570	Grøft for fyllingsfot fell vestover til hekk.
4570 -	4600	Drenering bak mur med fall mot vest for vestre del og fall mot aust for austre del.
4600 -	4630	Grøft for fyllingsfot med fall austover. Det er tilstrekkeleg med grøft frå 4600 til 4623.



Profil nr.

Frå Til


- | | |
|-------------|--|
| 4700 | Samanhengande, ny stikkrenne Ø 80 cm gjennom begge vegane med inspeksjonskum mellom vegane. |
| 4679 - 4710 | * Stein- og rot-ranken må leggst lenger ut til sides og samlast til ein noko høgare ranke slik at han fluktar nokolunde med sjablongane. (Betre fyllingsfot.) |
| 4860 | Uttrauing og ny overbygning i eks. bilveg fram til dette profilet. Vestanfor skal kjørebanen ligge som han er. |
| 4600 | I ei viss strekning til begge sider for dette profilet kan eksisterande vegkropp leggst rett til sides ut på ny fylling når ein kjem så langt at indre del av profilet skal senkast. Ein bør difor avslutte den første oppfyllings-
toppen over fyllingsfoten så lågt nede at det blir plass til denne massen i neste omgang. |

Vedlegg:


Diverse prinsippsskisser for overbygning, drenering og utkiling. Teikning nr. 02.

I OVERBYGNING

a) BILVEG




b) GANG- OG SYKKELVEG




*) Dersom gang-og sykkelvegen ikkje blir utsett for anleggstrafikk, kan pukklaget sløyfast.

II DRENS- OG SIDEGRÖFTER


SNITT 1



SNITT 2



III UTKILING I LENGDERETNING



NR.		DATO	SIGN.
	GRUNNUNDERSÖKELSE OVERBYGNING - DRENERING PROFIL - DETALJER		
	RV.E69 HP.09 PARSELL: VALLE - SVORTA, GANG- OG SYKKELVEG		MÅLESTOKK 1:1000
	STATENS VEGVESEN, MØRE OG ROMSDAL MOLDE, DEN 19. mai - 82 T. Dörrland		20-1467-A3